

Til Adresseliste

Vår dato: **28 APR 2010**
Vår ref.: NVE 201001569-4 ki/eibj ---
Arkiv: 313/033.B2
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Eirik Bjørkhaug
22 95 98 31

Lyse Produksjon AS – Søknad om løyve til uttak av grunnvatn til Årdal kultiveringsanlegg i Hjelmeland kommune, Rogaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Lyse Produksjon AS, datert 21.4.2010, om løyve til uttak av grunnvatn til Årdal kultiveringsanlegg i Hjelmeland kommune.

Lyse Produksjon AS søker om løyve til uttak av grunnvatn til eit kultiveringsanlegg som skal produsere 11500 stadeigen laksesmolt som følgje av pålegg i konsesjonsvilkår i samband med reguleringa av Årdalsvassdraget. Det planlagde grunnvassuttaket er på 280 liter per minutt, tilsvarende omlag 4,7 l/s. Det vert likevel søkt om eit maksimalt uttak på 500 liter per minutt, tilsvarende omlag 8,3 l/s for eventuelle periodar med høg grunnvassstemperatur eller vedlikehald i produksjonsbrønnene. Avlaupsvatnet skal gå i røyr via mekanisk reinsing og med dykka avlaup til Årdalselva. Det er og søkt om eige løyve jf. § 1 i Forskrift om etablering og drift av kultiveringsanlegg for fisk og kreps. Tre lokalitetar er omtala i søknaden der lokalitet 1 og 2 er aktuelle. Endelege vassprøver vil avgjere best eigna lokalitet og Lyse Produksjon AS ynskjer derfor ein vurdering både av lokalitet 1 og 2.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Janne Gunn Helle på tlf. 52 97 90 71 eller e-post: JanneGunn.Helle@lyse.no.

NVE ber Hjelmeland kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på kundesenteret og biblioteket i rådhuset i Hjelmelandsvågen fram til **16.6.2010**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **16.6.2010**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
0212 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
Postboks 394
8505 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Øystein Grundt
Seksjonssjef


Eirik Bjørknaug
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste

- KUNNGJERING -

Lyse Produksjon AS – Søknad om løyve til uttak av grunnvatn til Årdal kultiveringsanlegg i Hjelmeland kommune, Rogaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Lyse Produksjon AS, datert 21.4.2010, om løyve til uttak av grunnvatn til Årdal kultiveringsanlegg i Hjelmeland kommune.

Lyse Produksjon AS søker om løyve til uttak av grunnvatn til eit kultiveringsanlegg som skal produsere 11500 stadeigen laksesmolt som følgje av pålegg i konsesjonsvilkår i samband med reguleringa av Årdalsvassdraget. Det planlagde grunnvassuttaket er på 280 liter per minutt, tilsvarende omlag 4,7 l/s. Det vert likevel søkt om eit maksimalt uttak på 500 liter per minutt, tilsvarende omlag 8,3 l/s for eventuelle periodar med høg grunnvassstemperatur eller vedlikehald i produksjonsbrønnene. Vatnet skal gå i røyr via mekanisk reinsing og med dykka avlaup til Årdalselva. Det er og søkt om eige løyve jf. § 1 i Forskrift om etablering og drift av kultiveringsanlegg for fisk og kreps. Tre lokalitetar er omtala i søknaden der lokalitet 1 og 2 er aktuelle. Endelege vassprøver vil avgjere best eigna lokalitet og Lyse Produksjon AS ynskjer derfor ein vurdering både av lokalitet 1 og 2.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn i kundesenteret og i biblioteket i rådhuset i Hjelmelandsvågen og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Lyse Produksjon AS v/Janne Gunn Helle på tlf.: 52 97 90 71 eller e-post: JanneGunn.Helle@lyse.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **16.6.2010**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.

Adresseliste for: Uttak av grunnvatn til Årdal kultiveringsanlegg

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing ein gong i: Stavanger Aftenblad og Strandbuen

Tal på søknadar	Namn/adresse
5	Hjelmeland kommune, Kommunehuset, 4130 HJELMELAND
	Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 STAVANGER
	Rogaland fylkeskommune, Postboks 130, 4001 STA`VANGER
	Statens vegvesen, Region vest, Askdalen 4, 6863 LEIKANGER
	Norges geologiske undersøkelser v/Amund Rein, 7491 TRONDHEIM
	Naturvernforbundet i Rogaland, Postboks 411, 4002 STAVANGER
	NJFF-Rogaland, Postboks 313, 4291 KOPERVIK
	FNF-Rogaland, v/ Naturvernforbundet i Rogaland, Postboks 411, 4002 STAVANGER
	Stavanger Turistforening, Postboks 239, 4001 STAVANGER
1	RS/Kjell Carm



Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør vektleggje tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde.

Motsegn og klagerett

Det er ikkje krav om reguleringsplan etter plan- og bygningslova for tiltak der det krevjast konsesjonshandsaming etter vassressurslova. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i vassressurslova om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden.

NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.